

Spørsmål

Meg Kontekst

- Kven er du, kva kan du, kva vil du?
- Kva er kompetansen din, og korleis kan og vil du bruke han?
- Kva interesser, verdiar, haldningar, motivasjonar og behov har du? Kva har du utvikla til no, og kva ønsker du å utvikle?
- Korleis påverkar kompetanse, interesser, verdiar og haldningar livet ditt når det kjem til utdanning og arbeid?
- Kva kontekstar og fellesskapar er du ein del av?
- Korleis påverkar bakgrunnen din og dei fellesskapane du er ein del av, vala dine og karrieren din?
- Kva samfunnsmessige strukturar påverkar deg og situasjonen din?
- Ønsker du å påverke korleis strukturar får konsekvensar for livet ditt? Er det mogleg og ønskeleg?

Meg

- Kjenne og forstå seg sjølv – sjølvinnsikt
- Utforske og sette ord på kunnskapar, ferdigheiter, eigenskapar, verdiar og haldningar
- Finne ut av interesser, ønske og behov, forventningar og draumar
- Vite kva ein kan og er god til, sette ord på eigen kompetanse
- Bli klar over eigne typiske handlingsmønster og valstrategiar
- Utforske kor ein høyrer til og kven ein har fellesskap med
- Sjå på eiga fortid, analysere nosituasjonen og utforme perspektiv på eiga framtid

Kontekst

- Sjå og forstå eins eigen bakgrunn, dei rammene ein lever sitt liv innanfor, korleis desse rammene kan påverke eins eigen situasjon
- Sjå, analysere og forstå dei fellesskapane ein er en del av, både familie, venar, kollegaer og lokalsamfunn og arbeidsliv, kultur og samfunn
- Sjå og forstå korleis eins eigen bakgrunn og den konteksten ein lever i, kan innverke på ønske og val når det kjem til utdanning og jobb